

<div style="border: 1px solid black; padding: 2px; display: inline-block; margin-bottom: 5px;">KRD</div> <b>KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET</b>  <b>Søknadsskjema for Bolyst.</b>	
1. Hva er navnet på prosjektet?	<b>SOLUND TIL 1000</b>
2. I hvilken fase er prosjektet? (sett x)	a) Forprosjekt b) Hovedprosjekt: X c) Videreføring av eksisterende prosjekt (samordning med avslutta prosjekt)
3. Hvem er juridisk eier av prosjektet?	Solund kommune
4. Søknadsbeløp:	3,5 mill. (= 50% av sum prosjektkostnad)
5. Gi en kort omtale av prosjektet. Maks 250 ord. Forsøk å være så operativ som mulig.	<p>Prosjektet byggjer på nyleg vedtekne målsetjingar i kommuneplanen, og er ei brei satsing for å skape BULYST i Solund samfunnet. Prosjektet er delt i 5 element som alle er vesentlege, og som samla sett utgjer den heilskapen som vi meiner skal til for å skape berekraftig BULYST. Solund kommunestyre har 12.april gjort vedtak om at det skal sendast søknad på bakgrunn av arbeidet som vart gjort i 2010, men særleg sjå på kriteriet om Pilotprosjekt for å utvikle nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar og arbeidsplassar i distriktsonråde.</p> <p>Det er ei utfordring for ein mindre kommune at storsamfunnet alltid etterspør nyskaping og stimulerer initiativtakarar til å koma i gang med gode einskildprosjekt. Kvar for seg er einskildprosjekta gode nok, men dei heng ikkje alltid saman. Og utan ei overordna styring og samordning står ein over tid difor i fare for å tappa energi frå lokalsamfunna i staden for å tilføra samfunnet BULYST.</p> <p>I Solund er det mange eldsjeler og pågåande prosjekt, og vi vil gjennom denne satsinga i enda større grad samordne, kople saman og koordinere tiltaka i BULYST prosjektet med dei eksisterande satsingane.</p> <p>Vi vil gjennom dette prosjektet testa ut og dokumentera følgjande påstand:  <i>Eit moderne menneske må kjenne at det er ein del av ei moderne verd, ikkje henge etter i personleg- og fagleg utvikling, oppleve at det er enkelt å forflytta seg til sentrale sentra utanfor sin eigen buplass og kunna vera med i både utviklinga av - og å sjølv å leve det - gode liv i harmoni med sitt nærmiljø. BULYST vert skapt i eit menneske når denne føresetnaden er tilstades og når ein opplever at omgjevnadane og utviklinga går i riktig retning.</i></p> <p>Engasjementet hjå einskildmenneske vil vere avgjerande for om ein lukkast med prosjektet, og involvering og medverknad i ein dynamisk BULYST-prosess vil vere</p>

	<p>viktig. Arbeidsgruppa skal spegla det breie mangfaldet vi har av innbyggjarar, og skal vere med å skape grobotn for nye kreative tiltak. Om ein lukkast med dette, vil også verknadene av prosjektet verte varige.</p>
<p>6. Hva er mål og eventuelt delmål for prosjektet?</p>	<p><b>Hovudmål:</b></p> <p>Å skape ei ekte, samlande og varig BUL.YST i Solund.</p> <p>Bidra til kommunen sitt mål om 2% årleg folketalsvekst i planperioden for kommuneplanen.</p> <p>Synleggjere "mangfald" som ein ressurs i samfunnet.</p> <p>Dokumentere at BUL.YST i eit lite samfunn er knytt til heilskapstenking, samhandling og stoltheit over eigen kommune.</p> <p>Å synleggjera Solund-verdiar og byggja ein profil og gje innbyggjarane grunnlag for å finna ein felles identitet og tilknytning til samfunnet og buplassen.</p> <p>Å finne gode lokale løysingar for offentlege tenester, og vise at nærleik til slike tenester også har positiv innverknad for utvikling av andre arbeidsplassar og for rekruttering til andre stillingar.</p> <p><b>Delmål:</b></p> <p><b>BUSTAD</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ At Solund vert kjent som ein kommune som utviklar bustader på ein berekraftig måte.</li> <li>▪ At det ved kvar nyetablering av bustadfelt, vert fokusert på bumiljø og 0-energi</li> <li>▪ At Solund skal ha attraktive og miljøvennlege bustader/tomter tilgjengelege til ei kvar tid.</li> <li>▪ Vere pådrivar overfor Husbanken for å finne finansieringsordningar som også legg til rette for at kommunen kan ha attraktive utleigeeringar til ein akseptabel leigepris.</li> </ul> <p><i>Merknad: Dette er oppgåver som også vert arbeidd med i Solund Næringsutvikling AS.</i></p> <p><b>UTVIKLING:</b></p> <p>Ha tiltak der einskildmenneske og grupper opplever moglegheit for kompetanseutvikling og personleg utvikling.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Etablere ein kultur i Solund for løpande leiarutvikling og generell kompetanseheving. Fokus skal vera på samhandling (fordi vi er små og sårbare).</li> <li>▪ At alle arbeidsgjevarar i kommunen legg til rette for eit arbeidsmiljø som stimulerer til både personleg/fagleg utvikling for sine arbeidstakarar.</li> <li>▪ At vi som samfunn skal ha betre kunnskap om kva ressursar vi har</li> </ul>

	<p>som lokalmiljø, einskildpersonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ At vi skal knyte saman/bruke/dele vår kompetanse på tvers av ulike miljø/bygder til beste for fellesskapet.</li> </ul> <p><b>LEVANDE LIV:</b></p> <p>Å definere og stimulera/få på plass dei møteplassane som både har samfunnsbyggande verdi og BULYST-verdi med fokus på å binde saman kommunen.</p> <p>Skape møteplassar som gjev energi og skaper entusiasme, og setje gode standardar for samhandling og koordinering på tvers av tradisjonelle grupperingar i alle delar av kommunen.</p> <p>Bruke erfaringar frå tidlegare BU-prosjekt til å knyte saman engasjement i ulike delar av kommunen.</p> <p><b>YRKESMANGFALD:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Å få etablert framtidsetta/innovative statlege arbeidsplassar</li> <li>▪ Å stimulera til nyetableringar av nye typar arbeidsplassar. Herunder få på plass grunnleggjande, rask og effektiv infrastruktur (IKT, kommunikasjon m.m.)</li> <li>▪ Å få på plass stillingar som naturleg kan knytast til vårt område</li> <li>▪ Å få på plass ei innovativ avdeling med fokus på kystkultur, landskapspleie, havbruk og miljø.</li> <li>▪ Effektivisere/korte ned reisetid frå distrikt til sentrum i eigen kommune og reisetid frå eige sentrum til regionale sentra</li> <li>▪ Leggje til rette for tiltak som vil styrke industrisatsinga på Lutelandet som ein del av den lokale arbeidsmarknaden.</li> </ul> <p><i>Merknad: Fleire av desse tiltaka vil også Solund Næringsutvikling AS og Solund Kommune arbeide med, men er synleggjorte her som ein del av heilskapstenkinga.</i></p> <p><b>SAMORDNING:</b></p> <p>Å samle/koordinere/utvikle oppstarta og nye prosjekt som er forankra i Kommuneplanen og som spring ut av lokalt engasjement.</p> <p>Nye prosjekt og småskalaverksemder/aktivitet, lag og organisasjonar og eldsjeler skal til ei kvar tid få naudsynt råd og støtte frå eit apparat som ser heilskap og tenkjer utvikling/koordinasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styrke det koordinerande leddet for småskalaverksemder, og samarbeid mellom offentleg/privat/ frivillig utviklingsarbeid.</li> </ul> <p><b>TILKNYTNING:</b></p> <p>Både nye og gamle innbyggjarar skal oppleve stoltheit og identitetskjenne for sin kommune/lokalsamfunn, og at Solund skal ha eit omdøme som ein attraktiv buplass.</p>
--	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Innbyggjarane i Solund skal verta kjent med, medviten og stolt over sin eigen historie, rike kultur og sine mange flotte/unike natur- og kulturminnekvatitetar.</li> <li>▪ Solund skal klårgjera sin identitet og bygge ein felles, overordna profil.</li> <li>▪ Solund skal systematisk profilera si merkevare og bygga eit omdøme som står fast gjennom skiftande tider.</li> </ul>
7. Hva slags resultatindikatorer har prosjektet for måloppnåelse?	<p>Folketalsutvikling  Tal deltakarar på kompetansehevingsprosjekt og på arrangement  Mediaomtale  Sjukdomsfråvær  Synleg/registrert nyskaping og steyerevne i småskalaverksemdene og ved andre utviklingsprosjekt i kommunen  Endring i formaliserte samarbeidsprosjekt  Tal søknader mot det kommunale næringsfondet.  Fokus på identitet/lokalkunnskap i skuleverk og barnehage  Auke i kulturtilbod  Auka støtte til kulturaktiviteter i kommunen  Marknadsundersøkjingar på BUI.YST-nivå under vegs i prosjektet  Registrert kontakt mot prosjektleiar  Registrert etterspurnad etter bustad/tomter hjå avdeling for plan og utvikling i kommunen og hjå SNU</p>
8. Hvem er målgrupper for prosjektet?	<p>Dei ulike prosjekta kan ha ulike målgrupper.  BULYST prosjektet vårt handlar om samhald og samhandling, det handlar om å leve det gode liv, vera stolt av, og "å tale vel om".  Det handlar om å ta tak i ein kultur, det handlar om å verte medviten kva ein har og kva ein formidlar.  I så måte er dette eit prosjekt som vender seg til alle aldersgrupper.</p> <p>Men det handlar også om å setja fokus på at personleg utvikling og tilfredsheit er grunnlaget for BULYST. Og Solund treng at unge menneske får denne opplevinga når dei veks opp, når dei vitjar, oppheld seg og bur i kommunen. I så måte handlar mykje av prosjektet om å skapa BULYST for dei unge, for dei som tenkjer å etablere seg og for dei som er etablert, men framleis er aktive i samfunnet! Sidan det tradisjonelt har vore større arbeidsmarknad for menn enn kvinner, er kvinner ei særskilt målgruppe i dette prosjektet.</p>
9. Hvilken forankring har prosjektet lokalt, eventuelt også på andre nivåer?	<p>Prosjektet er sterkt forankra i måla og strategiane i nyleg vedteken kommuneplan. Solund Kommune er prosjekteigar og ansvarleg for prosjektet. Formannskapet er styringsgruppe.</p> <p>Det vil også vere naturleg å ha eit tett samarbeid med Solund Næringsutvikling (SNU)  Ei ser føre seg ei arbeidsgruppe/ressursgruppe som er breitt samansett, og representerer ulike aldersgrupper, nasjonalitetar og delar av kommunen. Gruppen vil kunne endrast etter som prosjektet går framover og nye tiltak oppstår, og vil vere ein viktig støttespelar for prosjektleiar for å sikre</p>

	kontinuerlig forankring nedover og sikre gjennomføring av einskiltiltak.
10. Når skal prosjektet gjennomføres (fra-til)?	Frå tilsagnsdato til 31/12-2016
11. Hvor geografisk konsentrert vil prosjektet ha effekt? (sett x)	<p>a) Helt lokal effekt X</p> <p>b) Effekten kommer innen flere kommuner i regionen X</p> <p>c) Effekten kommer i hele fylket</p> <p>d) Effekten kommer i eget og andre fylker</p> <p>e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge X – overføringsverdi, særleg for distrikt/kommunar som til ein viss grad er samanliknberr på geografi, busetnad og infra- og samfunnstruktur</p> <p>f) Vet ikke/ikke relevant</p>
12. Gi en kort omtale over hvordan arbeidet eventuelt er tenkt videreført etter prosjektets slutt. Maks 250 ord.	<p>Vi tenkjer oss at prosjektet vert vidareført med ei permanent stilling som har arbeidsstad i kontorfellesskap med Solund Næringsutvikling AS, ev Solund kommune</p> <p>Vi tenkjer oss at den arbeidssgruppa som vert etablert, som er ei blanding av personar med røter i kommunen og tilflytta personar frå nær og fjernt, vil halda fram som ei ressursgruppe. Det vil verta etablert fleire grupper etter behov.</p> <p>Vi tenkjer oss at kunnskapsdatabasen (kompetanseoversikt, opparbeidd kompetanse, analysar, statistikkar, "marknadsanalysar", m.m.) som vi får fram gjennom prosjektida, vil gje grunnlag for meir "millimeterpresisjon" i høve kvar vi skal selge inn kommunen vår; - og gje oss kunnskap om til kven, korleis og til kva "pris" vi skal "selge".</p> <p>Vi trur at når vi veit meir om kva som gjev grunnlag for BULYST, og er i stand til å levere varene, så vil vi verta attraktiv både for nyetableringar av bustader og næring i åra som kjem.</p> <p>Vi trur at stoltheit over eigen kommune, ein klår og tydeleg identitet og profil, samt definerte merkevarer, vil føre til kulturendring, trivnad og folketalsvekst. Auka folketalsvekst og ditto vekst i verdiskaping og skatteinntekter, vil gje kommunen handlingsrom til å bygga opp eit betre støtteapparat til næringslivet og vil kunna stimulera/backe opp dei mange eldsjelenc til vidare nyskaping og vidareutvikling.</p>
13. Fylkeskommunens vurdering av prosjektet.	
14. Hvilke	a) Stabilisere eller øke befolkningen X

<p>målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret. Flere svar er mulig).</p>	<p>b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X</p> <p>c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X</p> <p>d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne X</p> <p>e) Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X</p> <p>f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd) X</p> <p>g) Styrke regionale sentra (ikkje direkte, men indirekte)</p> <p>h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringsvalg for bedrifter? X</p> <p>i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reismål? X</p>
<p>15. Hvem er kontaktperson(er)? Navn, adresse, telefonnummer og e-post.</p>	<p>Ordfører Gunn Åmdal Mongstad – tlf. 95171031 Solund kommune  6921 Hardbakke</p>

**I tillegg til dette skjemaet, må søkere legge ved:**

- Budsjett med kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Framdriftsplan og milepælsplan